

Startar med koselege strikkekveldar.

27.08.2016



På strikkekveldane kan ein utveksla idéar. Her Barnesokkane Veslekua.

**Fredag 2.september kl.19.30 er det klart for eit nytt kjekt tilbod i Uskedal ungdomslag. Då vert nemleg første STRIKK OG DRIKK-kveld arrangert i Helgheimskjellaren. Ungdomslaget har også ønskje om å få i gang fleire aktivitetar utover hausten, m.a. dei populære barnediskoteka, men då treng dei hjelp frå fleire aktive medlemmer.**

Hildegunn Klette Hansen i ungdomslaget fortel at ho fekk idéen til 'Strikk og drikk' frå ei venninne på Karmøy. Dei samlast ein fredagskveld i månaden med strikketøy og hyggeleg prat over eit glas vin og diverse innslag.

- Dette syntes eg høyrdest så koseleg ut at vi vil prøva å få til noko liknande her. Derfor oppfordrar eg alle til å ta med strikketøy eller sytøy i Helgheimskjellaren på fredag. Dersom ein ønskjer vin i glaset eller te i koppen, tar ein det med sjølv, men vi vil ordna med kaffi og noko å bita i, fortel Hildegunn om planane for det nye tilbodet og legg til at dei vil ta 50 kr pr. person for å dekka utgiftene.

- Mange sit på gode oppskrifter og flotte idéar som kan utvekslast og visast fram, og eg trur dette kan vera kjempekoselege kveldar, legg Hildegunn Klette Hansen til. Ho har også fått med seg strikkeentusiastane Helga

Røssland Sæle og Bente Gundersen til å stå for kveldane. Med tida har dei planar om diverse innslag som besøk av Blå tråd i Mauranger, andre som brenn for handarbeidet, sanginnslag eller anna.

- Første kvelden vert det berre ein hyggeleg kveld med oss sjølve, og eg håpar mange tar med handarbeidet og stiller opp. Dette er for alle over 18 år. Ingen er for gammal og ingen er for ung, og utfra det eg har hørt på førehand er mange interessert i desse kveldane, avsluttar Hildegunn Klette Hansen om 'Strikk og drikk' før ho kjem med ei oppfordring om at ho håpar fleire kan engasjera seg i ungdomslaget.

- Det hadde vore kjekt om vi kunne fått i gang meir aktivitet i huset både for unge og eldre. Diskotek for ungane er ein ting vi ønskjer å få i gang, men då treng vi hjelp frå fleire. Alle som vil hjelpe til med arbeid i ungdomslaget, vert oppfordra til å melda frå til oss i styret.

Ungdomslaget skal arrangera Haustfest i Helgheim 22.oktober.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen